

**Korsnes blir utan vatn laurdag**

22.05.2009

**Korsnes blir utan vatn i fire timar laurdag føremiddag, nærare bestemt frå klokka 9 til 13, opplyser Sigmund Myklebust som har ansvaret for arbeidet med ferdiggjering av kloakkreinseanlegget.**

Det har oppstått ein lekkasje på hovudleidningen og det har truleg samanheng med arbeidet som har vore igang. Når dette er ordna skal omkoplinga skje og siste fase blir så asfaltering og oppussing av området.

På Børnes har dei isolert sett kome lenger med ferdiggjeringa av reinseanlegget. Asfaltering og oppussing er skjedd og det har vorte riktig fint i området rundt slamavskillarar og servicebygg.

Men her står det sjølvstakt att å leggja og kobla til overføringsleidningane frå dei sentrale delar av Uskedalen og det er eit langt og stort kapittel som berre såvidt er innleia.

Av Ola Matti Mathisen